

Preses Olav Fykse Tveit

Nidarosdomen, 1. påskedag, 5. april 2026

Tekst: Luk 24, 1-9

Lyset som ingen kan sløkkje

Velsigna og god påske!

Vi feirar påske - igjen - her i Nidarosdomen. Igjen lyser det frå den tome grava. Det lyser spesielt sterkt når vi kan feire påskekudsteneste saman slik vi gjer det no. I kyrkjene rundt omkring i verda feirar menneske den tome grava. Der er eit lys for oss alle, alle folk og språk.

Eitt av dei spesielt vakre og sterke uttrykk for dette på mitt språk skal vi synge om litt:

«Ljos over grav som oss livsvoni gav,

rann med Guds son i frå daude.

Solrenning klår som den venaste vår

steig over gravstader aude.

Ljoset og livet for alle mann

strålande opp med vår Frelsar rann.»

Det trengst i dag i ei verd der dødskreftene synest å verte slept laus meir enn før.

I Jerusalem der dette skjedde treng dei spesielt å feire påske for at dette lyset skal skine. Min kollega biskop Imad Haddad i den lutherske kyrkja der skriv om det i sitt påskebrev til oss. Han brukar orda vi nettopp har høyrte, fra Salme 118: "Eg skal ikkje døy, men eg leva og fortelja om Herrens gjerningar». «I shall not die, but

I shall live and declare the works of the Lord.” Han held fram: «This declaration raises from our wounded land, becoming not only a confession, but also a protest in the face of violence, oppression and occupation. Despite this, our Easter song will raise above the sirens of war, and we will hear the voice of the Risen Lord declaring: “Peace be with you!”

Det ordet gjeld oss alle, der vi er i livet akkurat no. I glede og i uro, i livets lyse dagar og i dødsskuggens dal. Dette lyset kan nå inn til oss, kvar vi enn er. Også når vi ikkje forventar det.

Slik evangelisten Lukas fortel om det som skjedde, får han særleg fram akkurat det. Dette er ikkje eit lys som skin fordi det var nokon som trudde at det kunne skje. Tvert imot. Kvinnene fekk på ingen måte sjå det dei forventa å finne, då dei gjekk grava til deira døde ven. Men der vert dei møtt med det ganske provoserande spørsmålet: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her.»

Som om ikkje det var nok, fortel Lukas vidare (i vers 10-11) at då kvinnene skulle fortelle om den tomme grava til apostlane, og Peter og Johannes er særleg nemnde, vart dei møtt med at «dette var berre noko vas» (den nynorsk omsetjinga av 1938).

Lyset frå den tomme grava skin før nokon trur det. Akkurat som sola skin kvar morgon, uansett. Har du lagt merke til kor mykje nettopp sol og soloppgang er eit tema i mange av dei salmane vi har for påskedag?

Det som også er påfallande at det er ikkje tale om eit lys berre for dei som søker det, eller «som har sett lyset». Det er ikkje minst eit lys for dei som er i mørke. Det er eit lys som lyser mot alle menneske, til alle tider, til alle slekter og folk. Akkurat som soloppgangen kvar einaste dag. Difor er også kyrkjene våre vende mot aust, mot soloppgang, mot den levande Kristus.

-

Det er ikkje eit lys som vi kan halde for oss sjølve. Det vi samlast om i kyrkja på påskedag, er meir enn ei forestilling eller ein slags privat fotball-landskamp for spesielt interesserte.

Kanskje tenkjer nokon at det som skjer i kyrkja, er sikkert interessant nok, men for dei spesielt interesserte. Og det er det, jo, så absolutt. Det er mange gode og djupt menneskelege grunnar for å kome til kyrkja og feire gudsteneste. Men påskedagen minner oss om at det vi feirar denne dagen og alle sundagar er eit lys som skin *i verda*. I denne verda. I vår tid.

Nokon må halde dette minnet levande, for det er der jo, sjølv om nokon gløymer det. Eller det som verre er: Nokon misbrukar trua på vår Herre som vant over døden til å begrunne si eiga makt til å setje i gang krigar og vinne over andre menneske, og endå til vanvørde og ta deira liv.

Det gjer det faktisk endå viktigare at vi feirar påskedagen og den tomme grava. La meg nytte dette høvet til å takke alle de som gjer så mykje for at påskeferinga er så sterk og meiningsfull også her i Nidarosdomen. Det skjer i dei mange gudstenestene og konsertane i denne tida. Her gjer dei mange profesjonelle, dei tilsette og dei frivillige ein formidabel innsats. Og til alle de som kjem for å delta i feiringane vil eg seie: det er eit budskap i seg sjølv at du er her.

Det handlar om kyrkjjas budskap og oppgåve i verda. Og det handlar om denne verda, om både skaparverket og alle menneske.

Mørket var der. Mørket er her. Men lyset var der også. Og lyset er her. For Kristus er oppstanden og Kristus er her. Og i heile den verda vi lever i.

I kyrkja og i gudstenesta får vi hjelp til å sjå at vi høyrer saman med den oppstandne Kristus, og med alle som feirar lyset frå den tomme grava.

Eg har ei spesiell sterk oppleving av å oppdage det, nettopp her i Nidarosdomen. Eg skulle vigslast til biskop her, den første sundagen under pandemien som det kunne haldast gudsteneste, i mai 2020. Vi kunne vere 25 i kyrkjelyden, i tillegg til koret og teknikarane frå NRK som skulle overføre gudstenesta. Vi hadde invitert og gledd oss til at mange representantar frå heile landet, og frå kyrkjer i andre land, skulle vere saman med oss. Det var ikkje mogeleg. Men nettopp den nye belysninga her i domen gav meg ei aha-oppleving då vi gjekk inn i prosesjonen. For eg såg noko eg ikkje hadde sett, eller lagt merke til før: Kristus-figurane høgt over korbuen her, både den krossfeste og den oppstandne Kristus. Det var som om dei sa til meg: Den levande Kristus er jo her. Når kyrkja er menneske som er eitt i Kristus, er jo dei andre her også.

Lyset er her. Sola skin. Om vi trekkjer bort gardina om morgonen, eller ikkje. Om det er ein overskya dag eller ikkje. Og våren kjem, om vi går ut i den og gler oss over den, eller ikkje gjer det.

Slik også med påskedagen og lyset frå den tome grava. Det var ikkje teologiske argument som gjorde at grava var tom. Men vi kan heller ikkje fylle grava igjen med ulike argument vi måtte kome med.

Utfordringa til oss og alle menneske er om vi lar lyset frå den tomme grava lyse inn og prege det livet vi lever, her vi lever både i mørket og lyset, både med liv og død.

Den tomme grava kastar nytt lys over det som måtte skje etter vår død. Men før det kan den lyse i og forme dei dagane og nettene vi skal leve. «Se i oppstandelsens tegn skal vi leve. Se i oppstandelsens lys skal vi dø». Begge deler høyrer med. Svein Ellingsens formulering får fram akkurat det.

Medan vi lever våre forgjengelege, ufullkomne og ufullstendige liv, kan vi leve i dette lyset av oppstoda. Den gir oss mot til å velge livets side, til å stå opp mot dødens krefter når vi kan og der vi kan.

Dette gjeld alt frå dei nære relasjonar til fellesskapet med andre kristne her og i verda, men også til livet saman med menneske av anna tru eller inga tru. Det gjeld også i dei store politiske samanhengar.

Kvar dag kan vi møte dødens krefter og realitetar. Og vi kan motverke dei gjennom vår aktive sympati, ved å bry oss om andre menneske og folk.

Det gjeld vår bruk av vår tid og vårt livs ressursar. Når vi brukar dei til å gi livsmot, livsglede, livsmeining - og for nokon endå til for å gi liv til andre – så er det ein refleks av lyset frå den tome grava. Ikkje minst når vi møter dødens realitet i sjukdom og sorg, slik vi alle gjer frå tid til tid, kan vi la dette lyset skine for oss sjølv og for andre.

Ei sterk scene i filmen «I swear» som går på kino no, får dette fram. Ein gut med sterkt utvikla Tourettes' syndrom, med ufrivillege og upassande utbrot, med sverging og banning, vert tatt inn i heimen av ei kvinne som har fått kreftdiagnose og eit halvt år igjen å leve. Mannen hennar spør kvifor ho gjer det, burde ho ikkje tenke på seg sjølv? Hennar svar er sterkt: «Eg vil ikkje bruke desse månadane til å spise chips og sjå på TV når eg kan hjelpe ein som ingen andre vil forstå.»

Det er det motsatte vi ser når menneske lar dødskrefter få større plass og styre handlingar og prioriteringar. Vi lever alle med uro og mørke i desse dagar. Dei sterkaste og mektigste, med tanke på pengar og krigsmaskineri, kan synast å ville styre verda etter sine planar og innfall.

Religion kan også bli brukt til å skape konflikt og mørke mitt på dagen. No skjer det der dei tre store verdsreligionane jødedom,

kristendom og islam har sine røter, i Midt-Austen. Eg hørde om ein svensk diplomat som arbeidde i den regionen. Han var ateist. Han kunne ikkje få seg til å tru på Bibelens ord, bortsett frå eitt einaste uttrykk, og det var det vi hørde i dagens evangelium: «Han er inte *här!*»

Men evangeliet er at Gud er nettopp hos dei fortvila, dei skadde, dei redde, dei som ropar «Kyrie eleison», «Herre, miskunna deg over oss!» Uansett kva for språk eller måte det skjer på.

Det er difor kyrkja, og alle som har makt, må stille seg sjølvkritiske spørsmål på påskedagen: Er det livet og livets Gud vi tener, eller set vi hindringar for livet med det vi gjer og seier?

Dette er eit vesentleg spørsmål også her i denne kyrkja og den historia som Nidarosdomen representerer. Vi skal om få år feire 1000 år med kyrkje og kristning i nasjonen Noreg. Det er tid for å sjå korleis lyset frå den tome grava har sett sitt preg på bygningar, på menneske, på historie, på folk, på fellesskap.

Det vil også handle om menneske og institusjonar som har brukt og misbrukt si makt. Difor høyrer det til i denne tida at også kyrkja søker sanning og forsoning, og finn ulike måtar å seie «unnskyld» på.

Men på ein påskedag er det også rett å spørre: Korleis har lyset frå den tome grava nådd inn i folkets liv og i den einskilde sitt liv med trøyst, mot og håp? Korleis lar vi livets Gud og livets krefter få plass i den framtida og det samfunnet vi skal leve i?

Å samlast til gudstenester i dag og kvar sundag er ikkje for å lukke oss inne i ein indre virkelighet, men for at slike spørsmål - og svar! - skal haldast levande, her og no.

Kyrkja er bygningar og menneske som formidlar liv og lys gjennom ord, dåp og nattverd, bønner og songar, musikk, kunst, i feiring av gudstenester og høgtider, i sorg og i glede. For denne forteljinga

om den første påskedagen berre må vidare. Frå menneske til menneske. Frå generasjon til generasjon. Det går ikkje an å halde dette for oss sjølv.

Ikkje alle må meine akkurat det samme om dette. I kryssord er «tru» ofte synonym til ordet «meining». Men tru er mykje meir enn det. Det var ikkje trua som ei mening og oppfatning som opna den stengte grava. Men i tru kunne menneske ta inn over seg det som hadde skjedd.

«Han er ikkje her. Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde?»

Kristus er mellom oss, i dag.

For lyset frå påskedagen kan ingen sløkkje.

Ære vere Faderen og Sonen og den Heilage Ande,

som var, er og vere skal,

èin sann Gud frå æve og til æve!

Amen